

Kunnskap for stadutvikling. Utviklingsrelevante norske bidrag i perioden 1999 – 2009.

Dag Jørund Lønning, Nordlandsforskning

Håvard Teigen, Høgskulen i Lillehammer

Innhald

Menneske og staden	2
Kva er stadutvikling?	2
Ulike modellar for stadutvikling	3
Sosiokulturelle stadanalysar.....	4
Kulturøkonomisk stadutvikling.....	5
Oppsummering.....	7
Referansar	7

Om studien

Dette arbeidet er ein kunnskapsstudie vedrørande temaet stadutvikling, då med vekt på norsk litteratur og funn frå perioden 1999 – 2009 som er relevante for lokale og regionale samfunnsutviklingstiltak. Studien drøftar temaet stadutvikling generelt, og går djupare inn i to norske modellar for korleis stadutviklingsprosessar kan byggjast opp; sosiokulturelle stadanalysar og kulturøkonomisk stadutvikling. Studien omfattar utgjeven forskingsbasert litteratur, og gir såleis knappast eit fullstendig oversyn av det som føregår av stadutviklingsprosessar i norske kommunar. Dette gjeld t.d. dei prosessane som i større og mindre grad utfaldar seg i alle kommunar som del av planprosessane knytt til Plan og Bygningslova. Ikkje minst på kommunedelplannivå er det mange døme på aktiv deltaking i stadutvikling. Vi finn heller ikkje dei mange aksjonar knytt til busjettbehandlingar, altså aksjonar for å vedlikehalde fellesfunksjonar på staden.

Oppdraget er gjennomført i løpet av fire vekeverk, og inkluderte også kunnskapsstudiar om omdømmebygging, lokal mobilisering/medverknad og tilflytting. Utrekna har det såleis berre vore rom for knapt eit vekeverk på dette arbeidet. Oppdragsgjevar er Kompetansesenteret for Distriktsutvikling, og studien er gjennomført av dr. philos Dag Jørund Lønning, seniorforskar ved Nordlandsforskning og professor Håvard Teigen ved Høgskulen i Lillehammer. Lønning har gjennomgått den aktuelle litteraturen og skreve utkastet til rapporten, medan Teigen har kommentert og fylt ut undervegs.

Menneske og staden

I litt utvida forståing, er stadutvikling eit tema der det finst svært mykje kunnskap. Som menneske lever me heile liva våre som knytt til staden eller – rettare – *stader*. Tilhøvet mellom menneske og staden har og fascinert forskarar, og kan hende spesielt forfattarar, i lang tid. Den norske *heimstaddiktinga* frå slutten av 1800-talet er eit mykje omtala døme på det siste. Fokuset låg her i stor grad på staden – som fysisk, sosial og kulturell – som til dels sterkt determinerande for utviklinga av menneskelivet. Som kontrast vil nok mange hevda at samtidslitteraturen primært har sitt fokus på ”livet som ei reise”, men framleis er staden som fysisk, sosial og kulturell ramme for handling sterkt til stades.

Internasjonalt har den postmoderne bølga med fokus på dei små og lokale forteljningane (Jencks 1992), ført til ei fornya interesse for stad og lokalitet (Casey 1996, 1998). Det lokale har vore framheva som sær s viktig identifikasjonsgrunnlag i vår globale samtid (Ibid.), og interessa for dei lokale og særreigne uttrykka har vore svært stor gjennom heile det siste tiåret (Lønning 2007). Aktiv stadutvikling med fokus på lokalt særpreg vert såleis også ein konkurransestrategi (Moilanen og Rainisto 2009) for å trekkja nye menneske og nye investeringar (LEADER 2001, OECD 1995, 1999, 2005, 2006).

Innanfor norsk akademia har det vakse fram fleire tyngre fagmiljø rundt tilhøvet menneske - stad (sjå m.a. Berg 2004, 2009, og forskarnettverket *Norske rom* ved Universitetet i Bergen¹). Likevel, når temaet skal innskrenkast til å gjelda litteratur som er særleg *relevant for stadutviklingstiltak*, vert utvalet av tilgjengelege studiar langt mindre. I denne korte litteraturstudien vil me koma nærare inn på stadutvikling som teori og praksis og sjå nærare på to overlappande med likevel distinkte tradisjonar frå den siste tiårsperioden. Desse er alle konkrete og målretta modellar *for* stadutvikling. Dette er:

- (a) Sosiokulturelle stadanalysar
- (b) Kulturøkonomisk stadutvikling

Kva er stadutvikling?

Historia fortel at dei stader som har suksess over tid, er dei som vedvarande utviklar seg for å møte dei behov staden sine brukarar til ei kvar tid har, hevdar *Institute of Place Management ved Metropolitan University of Manchester* på sine heimesider.² I dette ligg og den viktigaste definisjonen på kva stadutvikling til sjuande og sist handlar om; aktiv intervensjon for å gjera staden ”betre” for alle dei som nyttar den. Stadutvikling som praksis er å gripa aktivt inn for å utvikla staden sine sosiale, kulturelle og/eller fysiske kvalitetar og uttrykk i tråd med dette normative mål om at staden skal vera mest mogleg triveleg og attraktiv for alle brukar- og interessegrupper.

Ein av dei fremste utfordringar i denne typen arbeid dreier seg difor om definisjonar og utval. Det som er ”bra” for den eine treng slett ikkje bli oppfatta slik for den andre. Breiast mogleg mobilisering og medverknad er såleis eit mål for dei fleste stadutviklingsprosjekt. Slik får ein

¹ <http://www.uib.no/fg/norskerom> Sist vitja 06.12.09

² <http://www.placemanagement.org/default.asp> Sist vitja 06.12.09

fram fleire idear og innspel, men gjennom å la ulike røyster og interesser få høve til å koma til ordet i prosessen kan ein og sikra at tiltak er rimeleg kollektivt forankra. Utover denne lokale mobiliseringa handlar stadutviklinga også om breie nettverk av lokale, regionale og nasjonale (til og med kontinentale, ettersom mange norske interreg-prosjekt har lokal stadutvikling som mål) utviklingsaktørar. Mange prosjekt byggjer på nettverks- og delfinansieringsmodellar der både interesserte enkeltmenneske, frivillige organisasjonar, kommunar, regionråd, fylkeskommunar og departement medverkar. I dei aller fleste norske prosjekt på feltet er det likevel gjeve stor utformingsfridom til lokalsamfunnet (Glosvik 2002). Endogene (nedanfrå og opp) utviklingsmodellar dominerer norsk stadutvikling, slik dei no og gjer i Europa (LEADER 2001).

Når det gjeld fokuset i lokale stadutviklingsprosjekt, har me sett gradvise endringar over det siste tiåret. Der dei fysiske elementa og bygningsmassen ved staden var svært dominerande i satsingar på 80- og til dels 90-talet, har meir av fokuset flytta seg over til kulturell tradisjon og kulturarv, sosiale møtestader og kulturell identitet. Denne gradvise endringa spelar såleis av det aukande fokus på human kapital i ålmenta, og ikkje minst trua på at det å tiltrekkja seg nye menneske også kan vera effektiv næringspolitikk (Skålholt og Batt-Rawden 2008).

Forskning for stadutvikling vil handla om utvikling av mest mogleg effektive metodar, strategiar og rammer som vil kunna takast i bruk og fyllast med lokalt innhald av utviklingsaktørar. Dette arbeidet ber og gjerne preg av å vera *aksjonsforskning* (e.g. Greenwood og Levin, 1998), ettersom forskaren ofte spelar ei vesentleg rolle i sjølve prosessen som både mediator og pådrivar.

Forskning for stadutvikling er knappast prega av dei same ideologiske og til dels determinerande undertonande som kan gjera seg gjeldande når spørsmål om flytting mellom bygd og by står på dagsorden (jmf. kunnskapsstudien om tifytting). *Stad* er i utgangspunktet eit rimeleg nøytralt omgrep. Staden kan vera stor eller liten, bygd eller by. Modellar som er utforma for bruk i byen kan i like stor grad takast i bruk av eit lite bygdesamfunn (Jmf. Vestby 2009). Til dels kan ein og hevda at småsamfunnet har ei føremon innanfor denne typen utviklingsarbeid ettersom ein større prosentdel av staden sine innbyggjarar ofte tek del og enkelttiltak kan ha større effekt.

Ulike modellar for stadutvikling

Ei rekkje forskings- og konsulentmiljø i Noreg har vore knytt opp mot stadutviklingsprosessar på eit eller anna nivå. M.a. har mange offentlege støtteprogram på dette feltet vore evaluerte i den tiårsperioden denne studien omhandlar (e.g. Medalen, Lind, Bjørnhaug 2008, Lysø, Carlsson, Karlsen, Fosse 2003, Lysø, Karlsen, Sletterød 2005, Ryntveit 2002). Ofte er denne typen evalueringar likevel sterkt projektspesifikke og det å produsera tilrådingar og utviklingsrelevant kunnskap som kan overførast til nye satsingar ligg gjerne utanfor tildelt mandat.

Det har likevel vakse fram nokre norskproduserte modellar for stadutvikling, og me skal sjå nærare på to tilnærmingar som har vore nytta i konkrete utviklingsarbeid den siste tiårsperioden: ³

Sosiokulturelle stadanalysar

Norsk Institutt for By og Regionalforskning (NIBR) representerer det største forskingsmiljøet i Noreg rundt stad og stadutvikling. ⁴ Institusjonen har og arbeidd med utvikling av tiltaksorienterte modellar for korleis kunnskap kan nyttast i stadutviklingsprosessar, ein modell som har fått nemninga *sosiokulturelle stadanalysar* (Akershus fylkeskommune 2007, Røe, Eidheim og Schmidt 2002, Vestly, Bergsli, Røe og Vanberg 2005, Vestby og Røe 2004, Vestby 2009).

Hovedvekta i denne tilnærminga ligg, som namnet antyder, meir på menneske enn på bygningar og andre fysiske stadelement. Målsetjinga er å få fram ei breiast mogleg sosial og kulturell forståing av staden. Innanfrå-perspektivet står sentralt. Metoden er bygd opp rundt ei tredelt tilnærming:

- (a) *Bruken av staden*. Her prøver ein å få eit oversyn over sentrale aktivitetar på den aktuelle staden, og dei behov, funksjonar og verksemder som veks fram av denne bruken. Kven er aktørane, og kven skal staden vera til for?
- (b) *Bilde av staden*. Korleis ser dei ulike aktørane staden i dag, og korleis oppfattar dei framtida? Eventuelle manglar og utbetningsbehov vil koma fram her. Korleis kan staden gjerast enno meir attraktiv? Her vil det gjerne koma fram mange forslag til tiltak.
- (c) *Interesser knytt til staden*. Her vil ein fokusera på eventuelle motsetnader mellom ulike stadlege aktør – t.d. turistar versus fastbuande – og freista å synleggjera felles interesser og samhandlingsarenaer.

Samla sett søkjer ein å få fram eit breiast mogleg bilete av staden, bruken av denne, og idear til tiltaket for korleis staden kan bli enno betre for dei ulike brukargruppene. Forskaren er ein aktiv aktør i denne prosessen, både som datainnsamlar, tolkar og prosesspådrivar. Det siste er svært viktig. Stadutvikling handlar i stor grad om legitimitet og høve til medverknad. For at metoden skal lukkast – med å produsera tilrådingar og resultat som flest mogleg kan stilla seg bak – er ein avhengig av brei lokal deltaking. Bruk av folke- og temamøte er difor ein sentral del av arbeidet (Vestby 2009).

NIBR sine publikasjonar på feltet er utviklingsrelevante, og skisserer tydeleg opp korleis denne typen analysar kan planleggast og gjennomførast. I samarbeid med Akershus fylkeskommune (2007) er det og utvikla ein eigen rettleiar for sosiokulturelle stadanalysar.

³ Utviklingsstrategien *kommunikativ planlegging* som er utvikla ved Høgskulen i Volda / Møreforskning Volda kunne og i prinsippet vore presentert her. Me har likevel valt å presentera denne metoden under kunnskapsstudien rundt lokal mobilisering/medverknad.

⁴ Sjå: www.stedsforskning.no Sist vitja 07.12.09

Metoden er nytta som analyseverktøy i Nord-Troms/Finmark (Kvidal og Nygaard 2009), men den er og teken i bruk i fleire konkrete stadutviklingsløp (Røe, Eidheim og Schmidt 2002, Vestbye og Røe 2004, Vestby 2009).

Proessen munnar gjerne ut i ei lang liste med idear og tiltak som deltakarar ønskjer å få realisert på og i staden. Denne liste over potensielle utviklingstiltak vert gjerne overlevert lokale politikarar for vidare handsaming (Vestby 2009). Her ligg kan det kan hende ei innvending på mot metoden. Det kjem aldri heilt klart fram i dei gjennomførte studiane kven som har eigarskap til resultat, og, ikkje minst, kven som er ansvarleg for gjennomføring. I tidlegare kunnskapsstudiar er kort veg mellom idear og gjennomføring i seg sjølv definert som viktig dersom eit prosjekt skal lukkast (Miljøverndepartementet 1999, Stortingsmelding 23, 2001-2002).

Her vil det potensielt kunna vera store skilnader mellom ulike typar kommunar. I kraftkommunen Eidfjord (Vestby 2009) kan ein truleg vona at mange av dei framlagte tiltaka vert gjennomførte, sjølv om det også her var fleire lokale røyster som ytra stor mistru til at kommuneadministrasjonen kom til å følgja opp (ibid.). Sær få av Noregs kommunar har likevel det økonomiske handlingsrom som Eidfjord kan skilta med. Ein prosess som får fram mange idear til nye tiltak som ein så overleverer til ein i praksis økonomisk handlingslamma kommuneadministrasjon, kan potensielt medføra politikarforakt.

Det vert bygd opp mange forventningar gjennom denne typen utviklingsprosessar. Folk vert inviterte til å delta og koma fram med sine egne idear. Ein har difor og voner om at ideane og innspela vert følgde opp. Dersom det viser seg at dette ikkje skjer, kan det potensielt medføra auka lokal frustrasjon og store avstandar mellom kommunalt byråkrati og lokalbefolkning.

Me skal i det vidare sjå nærare på ei tilnærming som har ei litt anna vinkling når det gjeld ansvar og oppfølging.

Kulturøkonomisk stadutvikling

Kulturøkonomi som strategi har utgangspunkt i radikale samfunnsendringar dei siste to tiår med ei fornya og stadig veksande interesse for det ulike, særprega, lokale. I ei tid med sterk globalisering og difor standardisering av både økonomi og kultur, aukar etterspurnaden etter og verdien av det ikkje-standardiserte (OECD 1995, 1999, 2005, 2006). Denne etterspurnadsauken har også ført til fornye interesse for det lokale. Det lokale representerer kan hende den rikaste kjelda me har til verkeleg skilnad. Omgrepet ”glokalisering” (Eriksen 1998, Govers and Go 2009, Lønning 2003, 2007, Ritzer, 2003) er lansert for å skildra den fornya interessa for lokalitet i samtida.

Kulturøkonomi er både ein strategi og eit fagfelt. På norsk kan det lett oppstå nokre mistydingar rundt dette omgrepet; ettersom det vert nytta på to svært ulike måtar. Den eine handlar om økonomien i kulturnæringane; kultur med stor K. Dette kan dreia seg om økonomisk utvikling innanfor t.d. teaterliv eller bokbransje (e.g. Ringstad 2005). I lokalutviklingssamanheng – den bruksmåte som er relevant her – handlar kulturøkonomi likevel om kultur med *liten k*; om lokal kultur og kunnskap og nye måtar å gjera seg nytte av dette ressurstilfanget i høve stadleg utvikling. Kulturøkonomi er å leggja egne lokale

kulturelle verdier i botn for utviklinga av nye stadlege identitetar/fellesskap og eventuelle produkt/tenester.

Denne retninga vart utvikla av den engelske bygdeforskaren Christopher Ray på slutten av 90-talet (Ray 1998, 1999). Arbeidet med å utvikla kulturøkonomi som norsk tema har vore leia av Dag Jørund Lønning frå 2002 og fram til i dag (Lønning 2002, 2003a, 2003b, 2004, 2005, 2007, 2009a, 2009b, 2009c, Lønning og Haugsevje 2002, Lønning og Svoldal 2005, Svoldal 2007).

Kulturøkonomi dreier seg om å byggja staden rundt det særreigne lokale resurstilfanget; natur, kultur, kunnskap. Målsetjingane er å produsera nye ankerfeste og utgangspunkt for lokal kultur og identitet, men også eventuelt å utvikla nye salsprodukt for intern og ekstern marknadsføring.

I kulturøkonomien er det lokale eit like viktig satsingsområde som det som ligg utanfor. Det biletet og den identitet ein søker å fremja må marknadsførast eksternt, men må i like stor grad henta støtte frå og byggja på det lokale. Strategien søker såleis å skapa nye og tidsrette opningar for staden, og å utvikla denne i ei form og eit språk som appellerer til samtidsmennesket.

Kulturøkonomi er ikkje produksjon av suvenirar – standardiserte og til dels kunstig framstilte idealbilete – men å nytta levande lokale kulturelle uttrykk på nye og spennande måtar. Kulturøkonomi er såleis å skapa ny spenning rundt og interesse for staden.

Ein viktig del av denne prosessen er definering av heilskaplege utviklingsveggar og satsingar tufta på stadleg særpreg. Kunnskapen/ressursane kan finnast innanfor t.d. mat, språk, kunst og handverk, musikk, estetikk, historiske stader og hendingar, stadleg litteratur, mytologi og folklore, kunst og handverk, landskap, natur, fauna, osv.

Kulturøkonomisk stadutvikling har mykje til felles med sosiokulturelle stadanalyser når det gjeld metode- og verkemiddelbruk. Også her er gruppesamtalar og folkemøte for å få fram nye idear særskilt viktig. Oppgåvene og spørsmålsstillingane er likevel til dels ulike, og meir direkte fokuserte inn mot lokal kunnskap, særpreg og identitet. Typiske gruppeoppgåver kan vera:

- (a) Kven er me her, og kven ønskjer me å vera?
- (b) Kva har me av natur- og kulturressursar her som kan hende andre har mindre av?
- (c) Kva kan me her som andre kanskje ikkje kan så godt som oss?

Spørsmålet om kvar utviklingsansvaret skal liggja har fått ein større plass innanfor denne tilnærminga. Omgrepet *innlevingsøkonomi* er definert for å visa den utviklingskraft som kan liggja i det personlege engasjementet og eldsjela sitt arbeid (Lønning 2007, 2009c). Får eldsjela rom for å brenna kan pessimisme vendast til optimisme og nedgang til framgang (Stokke, Gundersen, Sørli og Vindenes 2008, Lønning 2009c). Den personlege brannen er avgjerande for positiv utvikling i eit lite lokalsamfunn, og denne må få rikt spelerom i stadutviklingsprosessar. Det er og her ansvaret for gjennomføring må liggja. Det å overleva ei liste med meir eller mindre realistiske idear om nye investeringar og tiltak til

kommuneadministrasjonen, kan potensielt skapa frustrasjon og avstand mellom forvaltning og befolkning. I staden er det dei tiltak som prosessdeltakarane sjølv brenn for som må prioriterast. Grunna den utviklingskraft som ligg i brannen, engasjementet og interessa, er det desse prosjekta som i røynda let seg gjennomføra (Lønning 2009c). Kommunen og andre offentlege utviklingsaktørar si rolle vert her å støtta opp under tiltak meir enn sjølv å ta ansvaret for dei.

Legg me denne tilnærminga til grunn, representerer det lokale naturlege og kulturelle ressurstilfanget fellesgode som kan brukast og nyttast på ei rad ulike måtar i bygginga av stadleg kultur og identitet. Her er det rom for mange ulike aktørar med særskilte forskjellige tilnærming til ressursgrunnlaget: private entreprenørar, historielag, skular og barnehagar, det offentlege, interesserte enkeltpersonar og frivillige organisasjonar kan alle ta i bruk dei lokale kulturelle uttrykka for å fremja egne interesser. Resultatet er bygging av stad og lokal identitet, men også nye produkt og tenester. Det er utvikla ein eigen modell for å synleggjera desse inter-avhengige relasjonane og overgangane mellom fellesgode og privat verdiproduksjon i eit stadleg landskap (Lønning 2007, 2009c).

Oppsummering

Statutvikling er ein normativ prosess. Det handlar om å gjera ein lokalitet ”betre”. Som normativ prosessar har den heller ingen endelege definisjonar, men vil heile tid vera i utvikling i takt med sosiale, kulturelle og økonomiske endringar og straumdrag. Statutvikling handlar såleis til sjuande og sist om å vera rørsle; om å vera i tråd med dei vurderingar brukarar av staden til ei kvar tid har av kva ”det gode liv og den gode stad” (Dimmen 2004) er. Brei lokal dialog, medverknad og høve til å kunna påverka er difor avgjerande viktig for å lukkast. I denne studien har me presentert fleire tilnærmingar til korleis ein slik prosess kan etablerast.

Det er likevel eit stort vidare kunnskapsbehov på dette feltet. Det føreligg mange studiar av tilhøvet mellom menneske og stad, men høvesvis få som synleggjer korleis menneske kan gå saman om å utvikla staden vidare. Det empiriske grunnlaget er absolutt tilstades, ettersom satsing på statutvikling går føre seg i nærast kvar einaste kommune i landet. Også her ville ei ”good/best practice”-tilnærming vera nyttig; case-studiar av vellukka statutviklingsprosessar for å kunna isolera moglege overførbare suksessfaktorar.⁵ Vidare modellbygging rundt tiltak og intervensjonar vil og vera sterkt ønskjeleg.

Referansar

Akershus fylkeskommune, 2007: *Sosikulturelle stedsanalyser. Veileder*.
<http://www.akershus.no/file.php?id=6776>

⁵ Dette verktøyet har vore mykje nytta i kommunikasjonen av resultat frå dei store europeiske bygdeutviklingsprogramma LEADER, LEADER II og LEADER+. Her er eit nyare døme som omhandlar Skottland: http://ec.europa.eu/agriculture/rur/leaderplus/pdf/library/goodpractice/guide_dg_uk.pdf Sist vitja 09.12.09

Berg, Nina Gunnerud (red.) 2004: *Mennesker, steder og regionale endringer*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.

Berg, Nina Gunnerud (red.) 2009: *Mennesker og steder i samspill: festskrift til Britt Dale*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.

Casey, Edward S, 1996: How to Get from Space to Place in a Fairly short Stretch of Time. Phenomenological Prolegomena. In Steven Feld & Keith H. Basso (eds.): *Senses of Place*. Santa Fe: School of American Research press.

Casey, Edward S., 1998: *The Fate of Place. A Philosophical History*. Berkeley, Los Angeles, London: University of California Press.

Dimmen, Sveinung 2004: *Den gode staden og det gode livet. Tettstadutvikling med miljøprofil*. Høgskulen i Volda/Møreforskning Volda Notat 16/2004.
<http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group15/notat16-04.pdf>

Eriksen, Thomas Hylland, 1998: Globalisering og eksotisering. Tekst til programhefte, "Nordisk Panorama", den nordiske festivalen for dokumentarfilm, Kiruna november 1998.
<http://folk.uio.no/geirthe/Eksotisering.html>

Glosvik, Øyvind 2002: "Levande bygdeutvikling?" Ein studie av bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane og prosjektet Levande bygder. Høgskulen i Sogn og Fjordane R-Nr 4/2002. <http://ask.bibsys.no/ask/action/show?pid=r02012972&kid=forskpub>

Govers, Robert and Frank Go 2009: *Place Branding. Glocal, Virtual and Physical Identities, Constructed, Imagined and Experienced*. London: Palgrave Macmillan.

Greenwood, Davydd J and Morten Levin, 1998: *Introduction to Action Research. Social Research for Social Change*. Thousand Oaks, London and New Delhi: Sage Publications.

Jencks, Charles, 1992: The Postmodern Agenda. In Charles Jencks (ed.): *The Post-Modern Reader*. London: Academy Editions / New York: St. Martin's Press.

Kvidal, Trine og Vigdis Nygaard 2009: *Sosiokulturelle spenningar. Stedsidentitet i fire nordnorske kommuner*. Norut Alta Rapport 2009:1.
http://www.finnmark.norut.no/norut_alta_lt/publikasjoner/rapporter/sosiokulturelle_spenninger_stedsidentitet_i_fire_nordnorske_kommuner

LEADER, 2001: *Global competitiveness of rural areas. Creating a territorial development strategy in the light of the LEADER experience*. Brussels: LEADER European Observatory, february 2001.
<http://ec.europa.eu/agriculture/rur/leader2/rural-en/biblio/local-global/comlocalglobal.pdf> Sist vitja 09.12.2009

Lysø, Roald, Espen Carlsson, James Karlsen og Jens Kristian Fosse 2003: *Følgeevaluering av programmet Miljøvennlige og attraktive tettsteder i distriktene. Midtveisrapport 2003*. Nord-

Trøndelagsforskning/Agderforskning Prosjektrapport 42/2003.

<http://www.agderforskning.no/pictures/profileCV/29.pdf>

Lysø, Roald, James Karlsen og Niels Arvid Sletterød 2005: *Miljøvennlige og attraktive tettsteder i distriktene. Sluttrapport frå følgeevalueringen av programmet*. Nord-Trøndelagsforskning: NTF-Rapport 2005/4.

http://generator.firmanett.no/t/tforsk/doc/Ra_4_05_2.pdf

Lønning, Dag Jørund 2002. "Lokal kultur/kunnskap som grunnlag for næringsutvikling. Nytt satsingsområde for bygdene?" I *Landbruksøkonomisk Forum*, nr. 1, 2002.

Lønning, Dag Jørund 2003a: *Tankar om ungdom og Bygdenoreg i ei brytningstid*. Tinga og publisert av Den Norske Distriktskommisjonen.

<http://www.regjeringen.no/Upload/KRD/Vedlegg/REGA/distriktskommisjonen/16.Loening.pdf>

Lønning, Dag Jørund (red.) 2003b: *Den norske Bygda og Den Store Verda. Om lokal utvikling i ei global tid*. Bø: Telemarksforskning.

<http://www.bokkilden.no/SamboWeb/enkeltSok.do;jsessionid=131F9E9C8AC44417F5200A6A58BE98D5.node2?rom=MP&enkeltSok=den+norske+bygda+og+den+store+verda&submit=%C2%A0>

Lønning, Dag Jørund 2004. *Landskap som ressurs i kulturøkonomien. Opplevingar frå det skotske Høglandet og Island*. Telemarksforskning-Bø, rapport 218.

http://www.tmforskbo.no/publikasjoner/detalj.asp?r_ID=1049&merket=5

Lønning, Dag Jørund (red.) 2005. *Frå Vogge til Mekka. Ein kulturøkonomisk utviklingsstrategi for Morgedal*. Telemarksforskning-Bø, rapport 226.

http://www.tmforskbo.no/publikasjoner/detalj.asp?r_ID=1142&merket=5

Lønning, Dag Jørund 2007: *Fridomen til å skapa. Alternative historier om nyskaping og bygdeutvikling*. Universitetet for miljø- og biovitenskap, Dr. Philos. Thesis 2007:1.

Lønning, Dag Jørund 2009a: *Hamsunstaden Hamarøy. Nordmenn sine holdningar til Hamarøy i Hamsunåret 2009*. Arbeidsrapport 1001/2009, Nordlandsforskning.

<http://www.nordlandsforskning.no/publikasjoner/arbeidsnotater/hamsunstaden-hamaroy.html>

Lønning, Dag Jørund 2009b: *Tørrfisk som opplevingsressurs i kulturøkonomien*. Arbeidsrapport 1003/2009, Nordlandsforskning.

<http://www.nordlandsforskning.no/publikasjoner/arbeidsnotater/torrfisk-som-opplevingsressurs-2.html>

Lønning, Dag Jørund (red) 2009c: *Ringar i vatnet. Innlevingsøkonomi og lokal utvikling i det kulturelle Hamsunlandskapet Hamarøy*. Bokbyen Hamarøy: Segelfoss forlag. Kan tingast frå: post@bokbyen-hamaroy.com

Lønning, Dag Jørund og Solveig Svardal, 2005. *Sykkelturisme i eit kulturøkonomisk perspektiv*. Telemarksforsking-Bø, arbeidsrapport 23/05
http://www.tmforskbo.no/publikasjoner/detalj.asp?r_ID=1184&merket=5

Lønning, Dag Jørund og Åsne Wid skjold Haugsevje 2002: *Kulturminne og kulturmiljø som grunnlag for verdiskaping. Kva kan kulturøkonomien bidra med?* Telemarksforsking, Arbeidsrapport 11/02.
http://www.tmforskbo.no/publikasjoner/detalj.asp?r_ID=967&merket=5

Medalen, Tor, Even Lind og Tone Bjørnhaug 2008: *Midtveisevaluering av BLEST-programmet*. Asplan Viak Prosjektrapport 04.08.2008.
<http://www.husbanken.no/Venstremeny/Stedsutvikling/BLEST/~media/8EF2C3DAFEC14312BEB723756C507C67.ashx>

Miljøverndepartementet 1999: *Gode steder. 36 eksempler*. T-1264.
<http://www.regjeringen.no/en/dep/md/documents-and-publications/Handbooks-and-brochures/1999/t-1264-gode-steder.html?id=87480>

Moilanen, Teemu and Seppo Rainisto, 2009: *How to brand nations, cities and destinations. A planning book for place branding*. London: Palgrave Macmillan.

OECD, 1995: *Niche Markets as a Rural Development Strategy*. Paris: OECD.
<http://www.oecdbookshop.org/oecd/display.asp?sf1=identifiers&st1=041995031P1>

OECD, 1999: *Cultivating Rural Amenities. An Economic Development Perspective*. Paris: OECD.
<http://www.oecdbookshop.org/oecd/display.asp?sf1=identifiers&st1=041999051E1>

OECD, 2005: *New Approaches to Rural Policy. Lessons from around the world*. Paris: OECD.

OECD, 2006: *The New Rural Paradigm. Policies and Governance*. Paris: OECD.
http://www.oecd.org/document/7/0,3343,en_2649_33735_37015431_1_1_1_1,00.html

Ray, Christopher, 1998: Culture, Intellectual Property and Territorial Rural Development. I *Sociologia Ruralis*, Vol. 38, no. 1.

Ray, Christopher, 1999: Towards a Meta-Framework of Endogenous Development: Repertoires, Paths, Democracy and Rights. I *Sociologia Ruralis*, Vol. 39, pp. 521-531.

Ringstad, Vidar 2005: *Kulturøkonomi*. Oslo: Cappelen akademisk forlag.

Ritzer, George, 2003: Towards a richer understanding of global commodification: glocalization and globalization. In *The Hedgehog Review*, June 22, 2003.

Ryntveit, Anne Kirsti 2002: *Følgeevaluering av Utkantprogrammet: Befolkningsundersøkelsen 2002*. Agderforskning Prosjektrapport 25/2002.
<http://www.agderforskning.no/reports/25-2002.pdf>

Røe, Per Gunnar, Frøydis Eidheim og Lene Schmidt 2002: Sandvika i støpeskjeen. En sosiokulturell studie av stedsutvikling. NIBR-rapport 2002:14.
<http://www.nibr.no/uploads/publications/20d87eff1cc9ab4ec7382c845de0d967.pdf>

Skålholt, Asgeir og Kari Bjerke Batt-Rawden, 2008: *Regionenes kamp? – om tilflyttingsprosjekter*. Østlandsforskning: ØF-rapport nr. 19, 2008.

Stokke, Knut Bjørn, Frants Gundersen, Kjetil Sørli og Erling Vindenes 2008: *Steds- og næringsutvikling på Lovund – fra krise til suksess*. NIBR-rapport 2008:5.
<http://www.nibr.no/uploads/publications/36f9cdd767e5bafc3b3a2c3aefc2bfec.pdf>

Stortingsmelding nr 23 2001-2002: *Bedre miljø i byer og tettsteder*. Miljøverndepartementet.

Svardal, Solveig 2007: *Natur- og kulturbasert nyskaping. Forslag til kursopplegg for KS og SEVS*. Telemarksforskning-Bø Notat 15 – 2007.

Vestby, Guri Mette 2004: *Steds- og næringsutvikling. En idéskisse*. NIBR-Notat 2004:118.
http://observo.net/vs2010/Publikasjoner/NIBRnotat_118_2004.pdf

Vestby, Guri Mette, Heidi Bergsli, Per Gunnar Røe og Vidar Vanberg 2005: *Metoder i strategisk byutvikling og stedsprofilering*. NIBR Notat 2005:131.
<http://www.nibr.no/uploads/publications/5a2b852d7d8d7775d92e2a36c698fb35.pdf>

Vestby, Guri Mette og Per Gunnar Røe 2004: *Fortellingen om en stedsutvikling – en sosiokulturell prosess. Evalueringsrapportering frå arbeidet med sentrumsutvikling i Eidskog*. NIBR Notat 2004:101.
<http://www.nibr.no/uploads/publications/aff295220ed041da0147aa5d56c15a16.pdf>

Vestby, Guri Mette 2009: *Stedsutvikling i Eidfjord – en sosiokulturell stedsanalyse*. NIBR Rapport 2009:22.
<http://www.nibr.no/uploads/publications/05d8fd29ea752e1c31dfd59dbcd5315a.pdf>